



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 23/009	Dato:	13.05.2023

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	22.03.2023	vedtak
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	15.05.2023	orientering

STYREEVALUERING 2022

HANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek oppsummering av evalueringa som framlagt. Oppsummeringa vert oversendt representantskapet til orientering.

Sakshandsaming i styret 22.03.2023

Styret ber dagleg leiar om å oversende evalueringa til valnemnda med tanke på deira arbeid inn mot val av nytt styre 28.04.2023.

Framlegg til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek oppsummering av evalueringa som framlagt. Oppsummeringa vert oversendt representantskapet til orientering.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Eigarstrategien for Haugaland brann og redning iks seier i punkt 1.3, siste strekpunkt, at styret skal årleg evaluere sitt eige arbeid. Formålet med evalueringa er å forbetre styrearbeidet og å gje innspel til selskapet sin valkomité om samansetning av styre og funksjonsmåte.

Evaluering er gjennomført ved at ein digital og individuell vurdering basert på KS sin tilråding av styreevaluering. Dagleg leiar samlar inn informasjonen og samanstillar denne.

VURDERINGER:

-

Haugesund, 04.03.2023

Dag Botnen
brannsjef

Dokument: 1. Samleskjema for evaluering
 2. Oppsummering av evaluering til representantskap



HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS

Representantskapet for HBR iks

Haugesund 24.03.2023

Saksnr.: [23/00x]

Arkivnr.: [M80]

Saksbehandler: [DB/adm]

Styreevaluering – attendemelding til representantskap

Det vert vist til styresak 23/014 – eigenevaluering av styret samt styreprotokoll av 22.03.2023. Styret skal etter eigarstrategien for selskapet vurdere sitt eige arbeid. Følgjande evalueringsområde er gjennomført:

1. Arbeid i styret

Styret melder at det er god oversikt over ansvar og oppgåver som lov om interkommunale selskap samt selskapsavtale set for styret og styret sine medlemmer. Det som er eit ønskje er å få arbeide meir strategisk for å nå selskapsmål. Dette har vore vanskeleg å finne tid til der mykje styrearbeid er saker som kjem og som må løysast i no-tid. For å få jobbe strategisk må rammene for dette på plass (eigarstrategi, selskapsavtale, økonomi).

Saker er godt førebudd av administrasjon og av styret sine medlemmer. Openheit, god styring og gode faglege diskusjonar pregar styremøta. Det er ønskeleg å få sakene til gjennomlesing endå tidlegare, men ser også at dette har samanheng med dei sakene som skal handsamast.

2. Eigar vs styre

Det er ein god og profesjonell tone mellom styret og eigarane. Dette skjer både i eigar- og i representantskaps- samt i kontaktmøte.

Det er avgjerande at det vert etablert ein oppdatert selskapsavtale og at eigarstrategien vert revidert. Dette er styringsdokumenta for styret og det er utfordrande å ikkje ha klare føringar for vidare utvikling av selskapet.

3. Styresamansetning

Styret er engasjerte, konstruktive og bidrar kvar og ein med sin fagkompetanse inn i styrearbeidet. I nokre av sakene som har vore krevjande i 2022, har styret sett det som naudsynt å hente inn ekstern kompetanse.

For styret framover er det viktig med god kompetanse innan økonomi og endringsleiing i tida framover samt i dei faglege krav som gjeld for eit brann- og redningsvesen.

Dag Botnen
brannsjef

Haugaland brann og redning iks



Diktervegen 8
5538 Haugesund



tlf: 91 91 01 11
e-post: postmottak@hbre.no

nettside: www.hbre.no
org.nr: 819 585 822